

**Fra:** Silja Ekeland Bjørkly (silja.bjorkly@gmail.com)

**Sendt:** 28.01.2020 10:55:47

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til FUV, torsdag 30.01.20

**Vedlegg:**

Hei, her er spørsmål frå Høgre til fulkesutvalet.

Russefeiringa kjem kvart år, i år og. Og like sikkert kjem og utfordringa om kvar russen skal opphalde seg på kvelds- og nattestid. Det er vilkårleg frå år til år kor hen russen held til. Fanafjellet, parkeringsplassen på IKEA, Bergenshallen, Gullbotn, Kokstad og Hordnesskogen har alle vore brukt av russen. Dette har vore upopulært blant naboar, noko som fører til at russen vert jaga vekk. Det har og vore bråk, og ved nokre tilfelle og tragiske ulykker.

Uavhengig av kva vi som foreldre, skuleeigarar og politikarar meiner om russetida, bør vi gå i dialog med russen, politiet og andre aktørar for å sikre eit egna område for russen som tek vare på omsynet til russen sjølv og til eventuelle naboar, for å bidra til trygg gjennomføring av russetida som uansett kjem.

Spørsmål:

Vil fylkesordføraren ta initiativ til, saman med Bergen kommune, å finne ein etablert møtestad for å sikre trygg gjennomføring av russefeiringa?

Venleg helsing

Silja Ekeland Bjørkly